



Årsmelding

for

Osterøy Idrottslag
2020

Hovudstyret 2020

Leiar:	Ragnhild Balsvik	20
Nestleiar:	Elin Kleppe Fossbakken	20/21
Skrivar:	Jørgen Vevle	20
Controllar:	Elin Bergan	20
Styremedlem:	Thomas Mosevoll	20/21
Varamedlem:	Helga Reigstad	20
Varamedlem:	Jarle Vik	20

Styremøte

Det er halde 9 styremøte der 30 saker er handsama.

Styret sitt arbeid

Grunna COVID-19 pandemien vart årsmøtet i 2020 utsett fleire gonger, og vart til slutt halde i mai 2020. Styret har i perioden sidan årsmøtet 2020 og fram til årsmøtet i 2021 arbeidd med følgjande saker:

- Gjennomgang og oppdatering av diverse rutinar. Blant anna økonomihandbok, rutinar for controllar og politiattest, arbeidsbeskriving for verv i gruppene.
- Årshjul for oppgåver til hovudstyret.
- I førre styreperiode vart det starta eit arbeid med etiske retningslinjer for idrettslaget. Det var planlagt fellesmøte med gruppestyra hausten 2020 for å diskutere dette. Smittevernreglane i samband med COVID-19 pandemien har gjort at det ikkje har vore mogleg å gjennomføre eit slikt møte, eller å arrangere andre temakvelder for gruppene/medlemmar i idrettslaget.
- Hovudstyret har teke i bruk Microsoft Teams for arkiv og fellesområde for dokument, og fleire styremøte har vore arrangert som Teams-møter.
- Klubbhuset: Det har vore gjennomført el-kontroll av klubbhuset, og elles gjennomført mindre vedlikehald av klubbhuset. OIL har leigeavtale med Vestland og Valsø trafikkskule for delar av klubbhuset. I tillegg har Osterøy kommune leigd klubbhuset til dagtilbod for eldre. Leige kontrakten har kommunen no sagt opp. I tillegg er det noko sporadisk utleige av klubbhuset til private arrangement.
- Idrettsrådet (IRO): OIL har 2 representantar i idrettsrådet, og stilte i tillegg med 5 representantar på årsmøtet i IRO. Søknad om vedlikehaldsmidlar til anlegg vart sendt til IRO innan fristen 12 april 2021.
- Koordinert søknad frå Osterøy IL til Sparebanken Vest sitt fond for allmennyttige formål, med frist 1 april. OIL har i tillegg sendt inn søknad om koronarefusjon, søknad om generell momskompensasjon.
- Sendt innspel til Osterøy Kommune i juli 2020 i forbindelse med områdeplan for Lonevåg.

Økonomi

Laget sin økonomi vert vurdert av styret som bra, trass låneforpliktingar. Omsetnaden i 2020 gjekk noko ned i forhold til 2019 grunna lågare aktivitet (korona). Kostnadane gjekk tilsvarande ned, så økonomien i laget har ikkje vorte negativt påverka av pandemien på kort sikt. Sjølv om omsetnaden var lågare enn kravet til ekstern revisor skulle tilseia, gjer styret framlegg om å halde fram med engasjert ekstern revisor (Sak 8). Det var god likviditet for gruppen ved utgangen av 2020. Sjå rekneskapen for 2020 i eige dokument.

Medlemstal

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner	12	129	121	7	49	318
Menn	5	79	107	28	114	333
Totalt	22	216	204	43	158	651

Medlemsutvikling

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Kvinner	321	326	291	318	281	311	318
Menn	359	373	359	339	330	332	333
Totalt	680	699	650	657	611	643	651

Som ein ser av medlemstala var det ein liten oppgang i tal på medlemmar i 2020. Ansvarleg for medlemsregisteret er dagleg leiar, men Randi Kleppe gjer ein uvurderleg jobb med mykje av det daglege vedlikehaldet. Osterøy IL nyttar Klubbadmin (NIF sitt eige gratis system) til den offisielle statistikken.

Æresmedlem

Desse er æresmedlem i OIL pr 19.04.2021:

	Fødd:	Utnemnd:
Karl Johan Reigstad	13.08.1944	2011
Øyvind Litland	21.03.1947	2011
Marta Ingunn Rongved	1932	2017
Vidar Simmenes	19.04.1948	2018
Jørgen Varden	03.05.1942	2017

Følgjande æresmedlem gjekk bort i 2020:

Monrad Myking, Leiv Mjelde, Johannes Loftås

Nemndene sine årsrapportar:

Rapport frå banenemnda for 2020

Osterøy stadion friidrett	Osterøy stadion gras	Kunstgrasbane
Vidar Simmenes	Thomas Mosevoll	Eivind Solberg
Arne Reigstad	Christian Vevele	Svein Lohne
Fleire har køyrt vekk gras	Vidar Simmenes	Thomas Mosevoll (støtte)
	Arnbjørn Vevele	Christian Vevele (støtte)

Banenemna sitt oppdrag er å halda Osterøy stadion og Kunstgrasbana ved Osterøy stadion i så god stand som mogeleg ut frå dei midlar som er stilt til rådvelde.

Grasbana:

I 2020 har arbeidet på grasbana blitt prega av at friidrettsdekket har blitt rehabilitert. Bana har blitt lufta to gongar, sanddressa ein gong og resådd ein gong. I tillegg til dette har det blitt gjødsla og slått regelmessig gjennom sesongen. Vatningsanlegget har Vidar teke seg ekstra av og det har stort sett fungert tilfredsstillande. Sidan anlegget har vore stengt for bruk store delar av året har ein fått langt mindre brukstid enn ynskjeleg. Dette reknar me med betrar seg i 2021.

Idrettsrådet fordelte tilskot stort kr 170 000,- frå Osterøy kommune og dette er eit heilt avgjerande bidrag for å få drifta anlegget. Traktor og utstyr har stort sett fungert godt gjennom året. Ein har trass rehabilitering ganske mykje slått, og det meste av er gras køyrt til gjenbruksstasjonen på Hauge dette året. Ordninga fungerer toleg greitt.

På hausten fekk me på plass ein container som står nede ved kunstgrasbana. Her får ein lagra viktig utstyr om vinteren og det er lagt inn straum og ein liten varmeomn er kjøpt inn. Arnbjørn skaffa denne gratis og fekk den levert. Thomas og Christian har stått for malejobben og Eivind Mosevoll for elektrikararbeidet. Me trur dette vil fungera godt.

Friidrettsdelen

Friidrettsdelen har blitt rehabilitert i 2020 og det har difor vore lite vedlikehald. Dette er eit eige spelemiddelprosjekt som blei ferdig hausten 2020.

Kunstgrasbane ved Osterøy stadion

Kunstgrasbana vert regelmessig horva om sommaren og brøyta etter behov om vinteren. Mål og anna utstyr går ein over og reparerer når det trengst. Innbytarbenkane har blitt måla. På vårparten blei bana reinsa. Med god støtte frå Sparebanken Vest har ein kjøpt inn miljøstasjon og filter til kummane.

Tore Johan Langeland
Leiar banenemnd Osterøy stadion

Gruppene sine kortversjonar av årsmeldingar følgjer:

Årsmelding for Osterøy Idrottslag - Fotballgruppa 2020

Styrets medlemmer

Leiar: Torbjørn Hovden
Nestleiar/sekretær: Roald Martinsen
Kasserar: Monica Vevle
Styremedlemmar: Tine May Svenheim (kioskansvarleg)
Stig Eknes (Sportsleg leiar)
Monica Vevle

Styret sitt arbeid

Det er halde 10 styremøter og 26 saker er handsama.

Styret har stort sett arbeidd med saker knytt til den daglege drifta av fotballgruppa, men nokre saker er særleg verdt å nemna:

1. Vidare arbeid mot å bli sertifisert som kvalitetsklubb
2. Enjoy – Bonusguiden
3. Korona – og tiltak rundt dette
4. Fadderordning
5. Videoløysing Joymo
6. Utvikling av området rundt Osterøyhallen, særleg grusbana nord for bygget
7. Oppfølging av sponsor og avtalar

2020 starta bra med god aktivitet og store planar for sesongen. 12.mars blei som kjent alt brått snudd på hovudet. Då blei det frå myndigheitene vedteken stopp av all aktivitet og organisert idrett ut april. Frå 7.mai blei det gradvis opna opp for organisert aktivitet for dei ulike aldersnivåa. Aldersbestemt fotball kom etter kvart i gong med kampar, og det blei nokre flotte arrangement i Fugledalen innanfor retningslinjene. Me blei gode på organisering, informasjonsdeling og gjennomføring av aktivitet innanfor retningslinjene som myndigheitene sette. Her blei det lagt inn ein strålende innsats frå, foreldre, trenarar, lagleiarar, kioskansvarleg og sportsleg ansvarleg mm, slik at aktivitet kunne gjennomførast på best mogeleg vis med dei avgrensingane det måtte takast omsyn til.

For dei aktive over 20 år blei det kanskje eit ekstra tungt år, med venting, håp og forventning om at no skal me og snart få trena med kontakt, og spela fotball igjen. Det skjedde ikkje i 2020. Det blei gjennom året trening etter retningslinjene og det er fint at aktiviteten blei oppretthalden. Det blei det oppretta eit ekstra juniorlag for å gje speletilbod til a-lagsspelarar under 20 år. Dette var eit form samarbeid med blant anna Sandviken, Dale og Arna Bjørnar. Laget trur me var eit viktig tiltak for å tilfredsstilla så mange spelarar som mogleg med kamptilbod på hausten.

Trass det tunge året 2020 føler me at det har kome ein del godt ut av det òg. Fotballgruppa har styrka seg i fleire ledd, både på anlegg, økonomi og sportsleg. Det har vore fokus på å få fleire personar inn i dei ulike nemndene, slik at ansvarsområdet til kvar enkelt blir meir spissa. Arbeidet med ei slik samansetjing er fotballgruppa godt i gong med. Dette trur styret vil styrka gruppa mykje på kort og lengre sikt.

I løpet av året har sportsnemnda fått på plass ei fadderordning der seniorspelarar regelmessig besøker aldersbestemte lag, for å bli kjent med dei, komma med litt tips og forhåpentlegvis litt motivasjon. Det har vore bestemt at aldersbestemte lag skal reisa på ein felles cup om sumaren. Dette er tiltak som me håper vil gi gode utslag på motivasjon og trivnad både blant spelarar og føresette og vil bidra til auka aktivitet i åra som kjem.

Det er kjekt å sjå at medlemstalet i fotballgruppa har vore relativt stabilt i eit turbulent år med ei lita auke frå 333 medlemmar i 2019 til 339 i 2020 som tabell under viser. Medlemspengar blir sendt ut tidleg på året så det er ein viss uro for at medlemstalet kan gå noko ned i 2021.

Org namn	Kjønn	0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26 - 30	Total
Osterøy IL - Fotball	Kvinner	0	60	54	4	10	128
Total org	Kjønn	0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26 - 30	Total
339	Menn	0	65	82	21	43	211

Vurdering av aktivitet i forhold til mål

Målsetjinga til fotballgruppa er å gje eit positivt tilbod til barn, unge og vaksne, slik at dei kan utvikla ferdigheiter i eit trygt og godt miljø.

Mottoet er flest mogleg – lengst mogleg – best mogleg.

Me føler at trass året som har vore er det arbeidd godt mot nettopp dette målet.

Økonomi

Økonomien i fotballgruppa er sunn, og likviditeten gjennom året har vore bra. Fotballgruppa fekk eit overskot i 2020 og mykje av dette skuldast at dei fleste inntektene kom som planlagt og at utgiftene vart vesentleg lågare. Som nemnd i fjor er det forslag om at kr 50000,- vert sett av til utvidinga av tribunetaket i Fugledalen. Me har hatt gode og langsiktige sponsoravtalar fram til og med 2020 og det vert spanande å sjå korleis det blir med avtalar for dei komande åra. Det nærmar seg utskifting av kunstgrasdekket i Fugledalen og dette fordrar nøktern og forsvarleg forbruk sidan dette vert ei stor investering om få år.

For styret,

Torbjørn Hovden
Leiar

Årsmelding for Osterøy Idrottslag - skigruppa

Styret 2020

Leiar:	Johnny Mostrum	Valgt for 2020
Nestleiar:	Åge Myking	Valgt for 2019 - 2020
Kasserar:	Bernt Johan Flæsland	Valgt for 2019 - 2020
Skrivar:	Ann Marit Hammer	Valgt for 2021 - 2021
Styremedlem:	Ståle Daltveit	Valgt for 2021 - 2021
Styremedlem:	Grethe Nerdalen Fjellskålsnes	Valgt for 2021 - 2021
Styremedlem:	Kjersti Brattabø	Valgt for 2021 - 2021
Varamedlem:	Anders Flæsland	Valgt for 2020

Valkomite: Rune Refsnes, Elisabeth Ødegård og Lars Braaten Reigstad

Styrets arbeid

1. I vår hadde Skigruppa dugnad på Hauge barnehage for Osterøy Kommune. Heile bygninga vart påført olje, samt diverse anna vedlikehaldsarbeid vart utført. Til saman fekk me inn 55.000 kroner. Det var ikkje vanskeleg å få folk til å stilla, så fantastisk bra dugnadsinnsats!
2. Osterøymarknaden vart i år litt redusert på grunn av korona, men Skigruppa var med og bidrog til at arrangementet kunne gjennomførast. Det kom gode tilbakemeldingar frå arrangøren, og innsatsen gav 10000 kroner i kassen. Stor takk til Åge som tok hand om organiseringa, og alle som bidrog på dugnaden.
3. Skibasaren måtte me i år av smittevern hensyn avlysa, men salg av loddbooker gjekk som vanleg fantastisk bra. Totalt fekk me inn om lag 93000 kroner. Super innsats av basardamene og alle loddseljarane.
4. I lysløypa har me skifta ut nesten 30 av dei gamle lampene med nye miljøvenlege lampar. Dette fekk me støtte til frå Sparebanken Vest. Ein stor takk til Ståle og Svein Ottar som har utført jobben. I oktober var det dugnad i lysløypa, der me ein laurdag rydda løypetraseen, samt kappa busker og kratt.

5. Skigruppa har i år investert i ATV og rull, til å bruka når det er lite snø. Rullen er laga av løypekjørarane Anders og Øystein på dugnad. Tusen takk til dei for dette.

Styret vil også retta ein stor takk til alle sponsorane. Dei fleste har bidratt med pengar til drifta vår gjennom ei årrekke! Dette betyr mykje for økonomien og er ein fin forankring til lokale bedrifter.

Me vil også takka for alt frivillig arbeid som vert lagt ned i skigruppa, dette gjeld trenarane, smørjarane, løypekjørarane og alle gode hjelparar blant foreldra, som får det heile til å gå rundt år etter år!

Styremøte

Det er avholdt fire styremøter, der 21 saker er behandla. Møta har funne stad i skihytta på Rolland med godt oppmøte.

Aktiviteten i gruppa

På grunn av korona pandemi har det vore eit spesielt år for langrensløparar i Norge, med avlysing av konkurransar og nedstenging av trening. Til tross for dette har aktiviteten i skigruppa vore så normal som mogeleg.

Treningane har halde på frå mai, med innlagt sommarpause. Det er trent tysdag, onsdag, torsdag, laurdag og søndag med litt variasjon etter alder. Onsdag er det styrketrening, laurdag rulleski, ellers litt veksling mellom rulleski og springing.

Den årlege juniorsamlinga vart dette året arrangert utan deltaking frå andre klubbar. Grunna smittevern kunne me ikkje tilby overnatting og matserving som tidlegare år, men treninga for våre eigne juniorar og yngre løparar var svært bra. Fredag kveld var det rulleski økt og laurdag testrenn, med spenst og styrke i andre økta. Laurdag kveld hadde me sosial samling ved Storavatnet med leik og morro. Søndag var me på langtur på rulleski til Storavatnet og avslutta med fjelltur til Tveitafjellet. Flott opplegg av engasjerte trenarar.

Thunestvedtrennet på rulleski vart arrangert i begynnelsen av september i Haus. Litt fleire deltakarar enn året før (35 stykk), men det hadde vore kjekt med fleire på startstreken. Arbeidet med arrangementet gjekk svært bra. Ikkje vanskeleg å få folk med til rigging, som løypevakter og kiosk vertar, så fantastisk bra dugnadsinnsats også her. Til seinare arrangement må me vera tidlegare ute med

søknad til Vegvesen, Fylkeskommunen og Politi (ca 2 månader). Dette er for å få myndigheit til å stoppa trafikken, ikkje berre kunna oppmoda til det.

Geilosamling stod på programmet i desember og her stilte ein fin gjeng unge og foreldre. Folk budde litt rundt omkring, og det vart av smittevern hensyn ikkje mogeleg med så mykje sosial aktivitet på kvelden som ønska. Det vart likevel fem gode treningsøktar på ski og ei flott samling.

Lysløyperenn vart det dessverre ikkje arrangert dette året, på grunn av svært lite snø.

Osterøy har dette året hatt to juniorar på NTG Geilo og ein på Toppidrett på Voss, som alle avslutta 3. året i vår. I haust begynte tre nye juniorar på NTG Geilo og ein på Toppidrett på Voss.

Trenarane har også i år vore Lars Braaten Reigstad, Eirik Brakvatne Mjelde og Johnny Mostrøm. Flinke og trufaste karar som også er flinke til å vera med ungdommane på skirenn! Me takkar så mykje for innsatsen!

Smørjeteamet er som vanleg Bernt Johan Flæsland og Øyvind Aasheim. Dei er godt kjent av alle i Hordaland sitt langrennsmiljø, og snart over heile Norge. Dei er høgt respektert både ute og heime, og me vil retta ein stor takk til dei også for dette året!

Løypekjørarane Anders og Øystein gjer ein fantastisk jobb med å halda maskinparken ved like og køyrer gode løyper når det er snø.

Osterøy har dei siste åra markert seg godt på alle skirenn, spesielt dei lokale i Hordaland. Me vert lagt merke til på grunn av dei grønne huene, men også for gode resultat. Dette er kjekt for alle i skigruppa, og eg vil berømme det gode miljøet og samhaldet me har. Sjølv sagt har me plass til mange fleire i skigruppa, og rekruttering er ei stor utfordring for oss framover.

Resultat

KM fristil:

J 13 år	Magrethe Fjellskålnes	10. plass
	Heidi Daltveit	11. plass
G 16 år	Sondre Myking	1. plass
	Simon Søgnesand Hestad	5. plass
J 16 år	Marie Mostrau	2. plass
K 17 år	Ingrid Brattabø	2. plass
M19/20 år	Elias Mostrau	2. plass
	Torjus Refsnes	5. plass
	Jonatan Gjerstad Skjerping	7. plass
Menn Senior	Emil Hosøy	2. plass
	Torbjørn Småland	3. plass
	Eirik Brakvatne Mjelde	4. plass
	Erik Tvedt Aastvedt	6. plass

KM klassisk:

J 13 år	Heidi Daltveit	9. plass
	Magrethe Fjellskålnes	10. plass
G 16 år	Sondre Myking	1. plass
J 16 år	Marie Mostrau	3. plass
K 17 år	Ingrid Brattabø	2. plass
M19/20 år	Jonatan Gjerstad Skjerping	4. plass
Menn Senior	Emil Hosøy	1. plass
	Eirik Brakvatne Mjelde	3. plass
	Torbjørn Småland	4. plass

Kretscupen:

J 13 år	Heidi Daltveit	11. plass
	Magrethe Fjellskålnes	13. plass
G 15 år	Sondre Brattabø	6. plass
	Bjørnar Fjellskålnes	11. plass
G 16 år	Sondre Myking	2. plass
	Simon Søgnesand Hestad	11. plass
J 16 år	Marie Mostrau	2. plass
K 17 år	Ingrid Brattabø	1. plass
M19/20 år	Jonatan Gjerstad Skjerping	2. plass
	Elias Mostrau	7. plass
	Torjus Refsnes	10. plass

Ungdommens Holmenkollrenn:

J 13 år Klassisk	Heidi Daltveit	93. plass
J 13 år Fristil	Heidi Daltveit	115. plass

Hovedlandsrennet Nybygda:

G 15 år Klassisk	Sondre Brattabø	127. plass
G 15 år Sprint Fristil	Sondre Brattabø	101. plass
	Bjørnar Fjellskålnes	183. plass
G 16 år Klassisk	Sondre Myking	51. plass
	Simon Søgnesand Hestad	220. plass
G 16 år Sprint Fristil	Sondre Myking	25. plass
	Simon Søgnesand Hestad	261. plass
J 16 år Klassisk	Marie Mostrau	42. plass
J 16 år Sprint Fristil	Marie Mostrau	36. plass

Norgescup Junior Lygna:

K 17 år 5 km Klassisk	Ingrid Brattabø	60. plass
M19/20 år 10 km Klassisk	Elias Mostrau	26. plass
	Torjus Refsnes	144. plass
	Jonatan Gjerstad Skjerping	166. plass
K 17 år Sprint Klassisk	Ingrid Brattabø	63. plass
M19/20 år Sprint Klassisk	Elias Mostrau	36. plass
	Jonatan Gjerstad Skjerping	37. plass
	Torjus Refsnes	44. plass
K 17 år 7,5 km Fristil	Ingrid Brattabø	34. plass
M19/20 år 15 km Fristil	Elias Mostrau	63. plass
	Torjus Refsnes	122. plass

Norgescup Junior Holmenkollen:

K 17 år 5 km Klassisk	Ingrid Brattabø	36. plass
M19/20 år 10 km Klassisk	Elias Mostrau	55. plass
	Jonatan Gjerstad Skjerping	107. plass
	Torjus Refsnes	117. plass
K 17 år Sprint Fristil	Ingrid Brattabø	54. plass
M19/20 år Sprint Fristil	Torjus Refsnes	25. plass
	Elias Mostrau	45. plass
	Jonatan Gjerstad Skjerping	62. plass
K 17 år 10 km Fristil	Ingrid Brattabø	15. plass
M19/20 år 22.5 km Fristil	Elias Mostrau	46. plass
	Torjus Refsnes	90. plass

Norgescup Junior Sluttstilling:

K 17 år	Ingrid Brattabø	40. plass
M19/20	Elias Mostraum	50. plass
	Torjus Refsnes	69. plass
	Jonatan Gjerstad Skjerping	88. plass

Norgescup Senior:

Gålsprinten: 15 km Klassisk	Eirik Tvedt Aastvedt	156. plass
Gålsprinten: 15 km Fristil	Eirik Tvedt Aastvedt	168. plass
Lygna: 15 km Fristil	Eirik Tvedt Aastvedt	194. plass
Lygna: 15 km Klassisk	Eirik Tvedt Aastvedt	173. plass
Konnerud: 15 km Fristil	Eirik Tvedt Aastvedt	164. plass
Konnerud: 15 km Klassisk	Eirik Tvedt Aastvedt	173. plass
Gållå: 15 km Klassisk	Eirik Tvedt Aastvedt	119. plass
Veldre: 15 km Klassisk	Eirik Tvedt Aastvedt	132. plass
Veldre: 15 km Fristil	Eirik Tvedt Aastvedt	155. plass

Medlemstal

Medlemstal for 2020. Totalt 73 medlemmar, noko som er ein liten nedgang frå 2019.

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner	0	3	11	0	11	25
Menn	0	4	9	5	30	48
Totalt	0	7	20	5	41	73

Medlemsutvikling

	2019	2020	20xx	20xx	20xx
Kvinner		25			
Menn		48			
Totalt	79	73			

Økonomi

Økonomien i Skigruppa er svært bra. På grunn av korona vart det ein amputert sesong, så utgifter til skirenn har vert lavare enn tidlegare år.

Resultatrekneskap med balanse

Kjem som vedlegg.

Årsmelding for 2020 – Osterøy IL Handball

Styret i handballgruppa 2020

Leiar	Elin Kleppe Fossbakken	1 år
Nestleiar	Thor- Eivind Mjelde	2 år
Skrivar	Heine Tjoflot	1 år
Styremedlem	Helene Fosse	1 år
Kasserar	Tone Mosevoll	2 år
Styremedlem	Ove Wågsberg Olsen	2 år
Styremedlem/Samarbeidskordinator	Jarle Vik	2 år
Ungdomsmedlem	Sigrun Vik	1 år
Ungdomsmedlem	Amalie Svidal Lone	1 år
Valnemnd	Per Inge Lillejord	2 år
Valnemnd	Kenneth Flatås	1 år

Styrets/gruppas arbeid

Handballgruppa har som dei fleste andre hatt eit annleis år grunna corona. Det har vert svært liten kampaktivitet med kun nokre få kampar for nokre lag. Den tradisjonelle og viktige Hafo-turneringa vart avholdt med stor iver og oppmøte i februar.

Styremøte

Det har vore gjennomført 4 ordinære styremøte.

Lag og trenarar

Gruppa stiller i sesongen i 2020-21 med desse laga og trenarar / hjelpetrenarar.

Klasse	Ant. Lag	Ant.spel.	Trenar
Barneparti	3	14	Amelia G. Skjerping, Maria Krossøy, Linnea Edvarsdal & Ronja Tysse Låstad.
Jenter 12	1	6	Sigrun Vik & Madeleine Mjelde
Jenter 14	1	12	Veronica Lohne
Gutar 14	1	10	Kenneth Flatås & Johan Fredrik Småland
Jenter 15	1	15	Jarle Vik & Aleksandra Madon
Jenter 16	1	16	Elin Kleppe Fossbakken & Kristian Dolvik
Damer	1	9	Elin Kleppe Fossbakken

Samarbeide med Bjørnar

I fleire år har handballgruppa hatt eit nært samarbeid med Bjørnar. I 2020 var det påmeldt ulike samarbeidslag. J04 har påmeldt eit samarbeidande lag. Nytt frå i år er at vi og har samarbeida på gutesida med G07/08. Samarbeidet gjer at klubben klarar å betre tilrettelegge for ulike behov spelarane våre har.

Deltaking i cupar

I år har vi ikkje hatt moglegheit til noko cupdeltaking grunna corona.

Osterøyhallen – kampavvikling

Vi har i år kun avholdt eit arrangement med fleire kampar. Vi hadde kiosk open, med hygienisk tillaga mat.

Vurdering av aktivitet i forhold til mål

Aktiviteten i gruppa er stabil. Treninga for den minste gruppe som er frå 6-9 år er fortsatt oppe å går med greitt framme. Dette er en viktig arena for rekruttering, og vi er glad for å ha påmeldte lag til miniturneringar. Etter fleire nedstengingar ser vi likevel at det er ein del frafall som grunngjevast med corona. Vi håper å få desse på plass igjen til hausten.

Dommere

Vi har og i år nok dommere i forhold til krav frå kretsen. Fem dommarar dømmer i serien for Osterøy il handball. Dette er Jarle Vik, Madeleine Mjelde, Samanta Matuzaite, Tanja Kallestad Nessestrand og Aleksandra Madon. Desse har fått liten dommaraktivitet i år, men har fått litt dommertrening innad i klubben i tillegg til nokre regionale kampar.

Medlemstal

Medlemstala for 2020 viser 103 aktive og passive medlem.

Medlemsutvikling for perioden 2013-2019

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Kvinner	90	106	113	94		94	95	95
Menn	25	30	30	35		11	8	8
Totalt	115	136	143	129	131	105	103	103

Økonomi

Økonomien er som alt anna prega av corona. Det er ein medvirkande årsak til godt overskudd. Store deler av den vanlege aktiviteten har vert avlyst, økonomisk sett har dette gjort at kostnadene har vore lågare. Det er sjølvstøtt ønskelig å bruke meir pengar på aktivitet kommande år. Likviditeten til handballgruppa har vert lav, og det er viktig å få den opp på et sant nivå at vi kan drive aktiviteten. Likviditeten i gruppa er no god.

Treningsavgift

For to år sidan auka vi treningsavgifta til 950 kr for barn og 1150 kr for vaksne. Dette var nødvendig for å få likviditeten i gruppa opp.

Resultatrekneskap med balanse

Sjå eige vedlegg til årsmeldinga.

Lonevåg, 12. April 2021

Elin Kleppe Fosbakken

Leiar Osterøy handball

Årsmelding for 2020, OIL friidrettsgruppa

Styret i 2020

Leiar:	Herdis Helle (2020)
Nestleiar og skrivar:	Bjarte Vik (2020-2021)
Kasserar:	Ingri Mjelde Birkeland (2020-2021)
Styremedlem:	Tore Hannisdal (2020-2021)
Styremedlem:	Helge Tysse (2019-2020)
Styremedlem:	Karoline Loftås (2019-2020)
Styremedlem:	Kjetil Stokke (2019-2020)

Styret har ikkje hatt varamedlemer.

Valnemnd: Mats-Eirik Elvik (leiar), Helga Reigstad og Bjarte Lohne.

Arbeidet til styret

Styret har i 2020 hatt to styremøte og handsama 16 saker. Vi har også hatt mykje kontakt utanom styremøta, ikkje minst i samband med arbeidet med rehabiliteringa av banedekket som skjedde i sommar og tidleg på hausten. Som aktiviteten i resten av samfunnet, har aktiviteten i styret og friidrettsgruppa vore prega av Covid-19-pandemien. Det har vore vanskeleg å ha møte og arrangement innanfor det til ei kvar tid gjeldande smitteregimet. Det førte mellom anna til at vi ikkje fekk halde den tradisjonelle årsfesten før jul og vi har heller ikkje hatt sponsormiddag. Periodevis har ein ikkje hatt fellestreningar, og fleire sportslege arrangement har blitt avlyste eller haldne med smitteverntilpassingar i form av eigeninnmelding av resultat.

I friidrettsgruppa er det mange utanom styret som gjer ein formidabel innsats. Det gjeld sjølvsagt trenarane våre, men også veteranar og andre aktive utøvarar. Helga Reigstad gjer ein stor innsats med å skaffa sponsorinntekter og halda kontakt med sponsorane. Elles har dugnadssjef Vidar Simmenes, Terje Simmenes, Ann Christin og Arne Reigstad, Per Ole Mostrøm mfl. gjort eit fantastisk arbeid med å rehabilitera banedekket/oppgradera friidrettsbana på Osterøy Stadion.

Nesten 30 personar deltok i arbeidet med rehabiliteringa, og det vart registrert over 600 dugnadstimar. Mange deltok, men spesielt Vidar Simmenes gjorde eit storarbeid med den praktiske gjennomføringa av prosjektet. Det er også utført utbetring av portar, gjerde og grøfting mellom banehus og tribune. Grasmatta har òg hatt ein god sesong med pleie av gras og vassdyser. Tidtakaranlegget vart elles erstatta med heilt nytt anlegg.

Det har vore eit ønskje frå styret å fordela arbeidet i friidrettsgruppa på fleire personar. Våren 2020 vart det difor sett ned tre undergrupper; rekrutteringsnemnd, arrangementsnemnd og sosialnemnd. Koronaåret må ta hovudskulda for at aktiviteten i nemndene ikkje har vore så stor. Styret tilrår at ein lagar instruks for nemndene.

Stenginga av bana gjorde at det vart færre stevne enn vanleg i år. I tillegg måtte fleire eigne arrangement avlysast grunna korona. Likevel fekk me gjennomført nokre gode arrangement

om hausten, som Rema 1000 Osterøytrearen og Rema 1000 Brakvatnet Halvmaraton. Nytt av året var fire løp i HTB Brakvatnet Sommarkarusell, med god deltaking i dei to første løpa. Arkoconsult Valestrandmarka rundt og Haustrimmen har stort sett vore koronløp der folk har tatt tida sjølv og innrapportert resultat til statistikkfører Vidar Simmenes. Osterøy var elles medarrangør ved NM innandørs for veteranar i Leikvanghallen 29.2. og 1.3.2020.

Stafettsesongen 2020 vart avlyst, og det ser heller ikkje bra ut for stafett- og terrengsesongen våren 2021.

Tre heidersmedlemer med sterk tilknytning til friidrettsgruppa gjekk bort i 2020: Monrad Myking, Johannes Loftås og Leiv Mjelde. Etter gravferda til Monrad fekk friidrettsgruppa ei minnegåve som skal gå til innkjøp av utstyr.

Økonomi

Samla inntekter for 2020 var kr 1 565 931, av desse var kr 1 000 000,- frå Trond Mohn og kr 310 000 i sponsorinntekter. Banedekket er ferdigstilt takka vera ein solid dugnadsjobb. Den totale kostnaden med rehabiliteringa enda på kr 1 574 113 (ekskl. Multiconsult kr 190 673,- betalt i 2019 og kr 62 500,- som står att å betala). Vi ventar elles utbetalt kr 350 000 i MVA-kompensasjon i løpet av 2021, kommunal del på kr 200 000,- og spelemidlar med kr 800 000. Når dei to sistnemnde summene vert utbetalt, og om det skjer i 2021, er uvisst. Grunna den store utgifta med rehabiliteringa hadde friidrettsgruppa negativt resultat på kr 559 777,- dette året. Ved årsskiftet 2020/2021 hadde friidrettsgruppa kr 567 259 på konto.

Representasjon:

Bjarte Vik deltok på kretstinget 2020.

Prisar

Årets utøvar vart Magnus Gjerstad.

Det vart ikkje delt ut stimulansepremie i 2020, mest fordi det ikkje vart halde årsfest. 1000 poeng-nål gjekk til Magnus Reigstad (200m og lengde).

Årsfest

Grunna Covid-19-restriksjonar vart det ikkje halde årsfest etter sesongen 2020.

Trenarar i 2020 (høgste fullførte trenarutdanning i parentes)

Mats-Eirik Elvik (trenar 1)

Bjarte Lohne (trenar 2: hopp)

Helga Reigstad (trenar 2 kast, held på med trenar 3)

Arne Reigstad (trenar 2: hopp og kast)

Karl Johan Reigstad (trenar 2, sprint/hekk, langdistanse, kast)

Bjarte Vik (trenar 2: løp, hopp og kast)

Marianne Feidje Mjelde

Andreas Thorkildsen

Paul Bruvik

Dommarar og startarar:

Inge J. Reigstad (FD/FS, òg med i kretsen sitt startarteam), Arne Reigstad (KD/KS), Karl J. Reigstad (FD), John Bernes (KD), Randi Kleppe (KD), Bjarne Langhelle (KD), Bjarte Lohne (KD), Harald Løtveit (KD), Helga Reigstad (KD), Sigbjørn Reigstad (KD), Liv Simmenes (KD), Vidar Simmenes (KD), Ann Christin Reigstad (KD), Åse Bergheim (KD), Geir Kleppe (KD), Ingrid Kleppe (KD), Bernt Johan Flæsland (KD), Eystein Markmanrud (KD), Kjetil Stokke (KD), Irene Stokke (KD), Christian Lampe (KD), Jan Magne Langeland (KD), Petter Hennig Sæbø (HA), Annette Bru (KD), Bjarte Vik (KD), Magne Vikne (KD), Terje Simmenes (KD), Karoline Loftås (KD), Torbjørn Simmenes (KD), Markus Loftås (KD), Markus Markmanrud (KD), Sigrid Borge (KD), Trygve Fedje Mjelde (KD), Marit Iren Reigstad (KD), Per Ole Mostrøm (KD)

Ein del av desse er ikkje med i idrettslaget lenger, men er i «reservetroppen».

Sportsleg aktivitet i 2020-sesongen:

Rekrutt:

Det lukkast ikkje å skaffa instruktørar til eit treningstilbod for rekruttar under 10 år. Friidrettsgruppa etterlyste eit initiativ frå OIL hovudstyret om idrettsskule. Hovudlaget kalla inn til møte om oppstart av idrettsskule i vinter, men grunna korona vart dette avlyst. Styret håpar ein kan få i gang tilbodet i løpet av 2021. Manglande tilbod for rekruttar er ei sterk medverkande årsak til at medlemstalet i gruppa stadig går nedover.

Gutar/jenter 10-13 år

Friidrettsgruppa har hatt faste treningar måndagar på friidrettsbana ved Hatland. I vintersesongen har denne treninga vore kombinert med innandørstrening i idrettshallen. Det har vore stabilt oppmøte med 4-6 stk. på kvar trening. I tillegg har det hausten/vinteren 2020/2021 vore faste treningar i Leikvanghallen onsdagar, der òg med stabil oppslutning 4-7 utøvarar. Hovudtrenarar for gruppa har vore Helga Reigstad og Mats-Eirik Elvik.

På grunn av situasjonen med Covid-19, har det vore minimalt med konkurransar denne sesongen.

Treningstilbodet har vore betre for denne årsgruppa i forhold til tidlegare år, grunna forsterkning (Helga) i trenarapparatet. Rekrutteringa av nye utøvarar er derimot relativt låg og bør vera eit fokusområde i åra framover.

Hausten 2019 fekk me endeleg i gang att treningar for 10-13 åringar i Haus. Instruktør er Marianne Feidje Mjelde. Grunna varierende jobbtider har ho sendt ut melding til foreldregruppa før kvar trening. Det har vore alt frå 5 til 10-15 ungar på trening. Fram til nedstenginga i mars, trente dei både ute og inne i gymsalen. Etter mars var dei berre ute, og tilbodet har i periodar lege nede grunna koronarestriksjonar. Det vart halde eitt stevne for born i Haus på idrettsplassen i 2020. For 2021 må friidrettsgruppa sørga for å få registrert deltakarane på treningane i Haus som medlemmer i Osterøy IL.

Gutar og jenter 14-19 år

Team ungdom har halde hjula i gang med fellestreningar i løpet av året så langt koronareglane har tillate det. I januar hadde team ungdom/team Batti treningsleir ei helg i Strandebarm med 17 deltakarar. Treningsleiren i Spania i påskeferien vart avlyst.

Konkurransesongen har naturleg nok vorte veldig begrensa. Nokre har likevel vore med på ein del stevne. Beste poengsankarar i serien vart Magnus Reigstad med 4813 poeng og Celina Aabakke med 4407 poeng, begge med 6 resultat.

Magnus Reigstad viste lovande takter under innandørssesongen, og under UM innandørs i Bærum imponerte han med gull og sterke på 22,51 på 200m. Han oppnådde over 1000 poeng både på 200m og i lengde. Dessverre vart utandørssesongen veldig amputert pga. skadar.

I 2020 har det danna seg ei gruppe lovande unggutar på mellom og langdistanse, hovudsakleg under leiing av Bjarte Vik. Dei vekslar mellom å delta på treningar med Arne Reigstad og Bjarte Lohne i team ungdom og treningar med dei vaksne i Team Batti. Gutane har trent flittig og vore med på ein del konkurransar i løpet av sesongen med god framgang.

Det har stort sett vore nokre mindre stevne på menyen, men Aslak Monstad (16) og Noah Raknes (15) fekk prøva seg under ungdoms NM i terrengløp i Skien i oktober.

Også Dagfinn Gjerstad (14), yngre bror av Magnus, har også har flott framgang i år og deltok under Ungdomsleikane i Haugesund i september og fekk ein fin sølvmedalje på 1500m.

På hausten dukka det opp eit par lovande karar frå Haus som teikna bra. Vegard Trefall (14) har vist lovande takter på trening under hausten og vinteren og blir spennande å følgja. Glenn Andre Aarbakke fekk seg ein par sprintløp på tampen av sesongen med habile 11,63 på 100m under langt frå ideelle forhold. Skadar har dessverre sett han ut av spel førebels i vinter.

På grunn av kneoperasjon fekk Marianne Feidje Mjelde konkurrert lite i sesongen, men ho har vore ivrig og opptreninga har gått fint.

Me får vona på at aktiviteten i gruppa kan blomstra ytterlegare opp att når samfunnet ein gong kjem i meir normalt gjenge att. Treningssamarbeidet med Mjøsdaalen har lidd under koronaen, men det er ikkje lagt på is.

Junior og senior

Trass i få stevne og periodevis forbod mot fellestreningar, har fleire av løparane våre hatt ein svært god sesong. Etter ein trøblete 2019-sesong, fekk Magnus Gjerstad lagt eit godt grunnlag om vinteren, m.a. var han i Kenya på høgdetrening i heile januar. På bane sette han tre klubbrekordar; på 3000m, 5000m og 10 000m. Magnus var også nær klubbrekorden på 1500m med 3.53,57. Årets høgdepunkt var gullet på 5000m i junior-NM i Kristiansand. Magnus vart årets utøvar i Osterøy. Han vart òg teken ut til rekrutteringslandslaget for 2021.

Trygve Feidje Mjelde hadde også ein jamt god sesong og forbeta sin eigen klubbrekord på 800m to gonger til 1.51.59. På 1500m vart det 3.54.10 i ein durabeleg duell mot Magnus på «opningsstevnet» til Osterøy Stadion. Etter NM på Fana Stadion kunngjorde Trygve at han no satsar på lengre distansar enn 800m, og så langt ser satsinga svært lovande ut.

Etter skade og litt stang ut for Magnus og Trygve under Hovud-NM på Fana i september, «redda» Markus Loftås meisterskapet for Osterøy med to solide løp og persar på 5000m (14.55,11) og 10 000m (31.14,52). Begge resultat er nr. 3 på statistikken gjennom alle tider i laget. Ein annan fersk langdistanseløpar, Jonas Lillejord, viste stor framgang på lange løp og deltok i junior-NM på 5000m.

Vår beste utøvar i mange år, spydkastar Sigrid Borge, sleit dessverre med å koma tilbake etter skaden og operasjonen i 2019. Slik sett var det heldig for henne at OL vart utsett eit år. Sigrid bur i Oslo og er med i friidrettsforbundet si satsingsgruppe Team Coop Tokyo. I 2021 representerer ho Tjalve, med planar om ferierepresentasjon for Osterøy. Dessverre ryk nok mesteparten av sesongen grunna ein kneskade.

Kjetil Stokke stilte i NM mangekamp i Fagernes som tittelforsvarar, men skadar og koronarestriksjonar gjorde at han fekk få konkurransar i 2020.

I serien rykte menn senior opp i 2. divisjon i landsserien, medan kvinnene held seg i 3. divisjon. Magnus Gjerstad og Mirjam Mjelde vart beste poengskårarar.

Veteranar

Det er spesielt lange løp på og utanfor bane som fengjer veteranane for tida, og mange identifiserer seg nok meir som løparar enn veteranar. I veteranserien rykte kvinnene opp att til 1. divisjon, medan menn veteran vart nr. 8 i 1. divisjon. Øyvind Bjordal og Mirjam Mjelde vart største poengskårarar. Bjordal må spesielt trekkjast fram for målretta satsing for å kapra aldersrekordar i lange løp, noko han lukkast godt med.

Osterøy var med og arrangerte NM innandørs i Leikvanghallen, og her vart det god medaljefangst på spesielt John Bernes (6), Randi Kleppe (4) og Per Ole Mostrøm (4). Elles vart veteranmeisterskapa avlyste.

Team Batti har eit tilbod og miljø som mange veteranar trivst med. Dette er eit lågterskeltilbod både for hardsatsande konkurranseløparar og supermosjonistar i alle aldrar. Sesongen vart avslutta med Sørfjorden Halvmaraton, med svært gode resultat for deltakarane. Målsetjinga står framleis fast, om å få fleire med i nasjonale og internasjonale veteranmeisterskap i åra som kjem.

Medlemsstal for 2020

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner	0	2	13	4	21	51
Menn	0	3	15	5	52	82
Totalt 2020	0	5	28	9	73	115
<i>Totalt, 2019</i>	<i>0</i>	<i>15</i>	<i>35</i>	<i>8</i>	<i>75</i>	<i>133</i>
<i>Totalt, 2018</i>	<i>0</i>	<i>40</i>	<i>50</i>	<i>11</i>	<i>75</i>	<i>180</i>
<i>Totalt, 2017</i>	<i>0</i>	<i>50</i>	<i>40</i>	<i>12</i>	<i>80</i>	<i>182</i>

Medlemsutvikling

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Kvinner	?	?	?	113	108	102	85	76	75	51	40
Menn	?	?	?	126	116	121	119	106	105	82	75
Totalt	222	262	270	239	224	223	204	182	180	133	115

Vurderingar av aktivitet opp mot målsetjingar

Dei viktigaste målsetjingane til gruppa har dei siste åra vore ordna økonomi, leggja til rette for både elitesatsing og breiddesatsing i alle aldrar, rekruttering og trenar-/leiarrekruttering.

Den gode økonomien til friidrettsgruppa, saman med støtta frå Trond Mohn, gjer at gruppa totalt sett kjem godt frå det store arbeidet med rehabiliteringa av banedekket. Friidrettsgruppa står godt rusta til å møte utfordringar dei komande åra. Det gode sponsorarbeidet Helga Reigstad gjer er viktig, men gruppa må også leggja seg i selen for å få inn pengar på arrangementa våre. Vi må rekna med auka reiseaktivitet og deltaking på stevne framover.

Friidrettsgruppa har eit godt tilbod til dei som vil satsa på idretten. I 2020 var det fem kontraktsutøvarar: Sigrid Borge, Trygve Feidje Mjelde, Markus Loftås, Magnus Gjerstad og Magnus Reigstad. Det er grunn til å håpa på fleire NM-kvalifiserte utøvarar i åra framover. Også tilbodet vårt til ungdom og vaksne «supermosjonistar» er godt, men når det gjeld rekruttering av born og unge har friidrettsgruppa ein stor jobb framfor seg.

Friidrettsgruppa må jobba meir med rekruttering av trenarar for den yngste aldersgruppa. Dersom det ikkje blir sett i gang ein felles idrettsskule, treng vi eit lokalt tilbod for rekruttar både på Hatland, i Haus og gjerne også på Valestrand. Koronaen har sjølvsagt gjort det vanskeleg å dra i gang nye treningstilbod.

Å rekruttera styremedlemer med visjonar, nye tankar og pågangsmot må også løftast fram. Klarar vi å få med fleire ungar, vil det bli fleire å ta av. Friidrettsgruppa treng også fleire dommarar og arrangørar. 2020 var eit spesielt år med få eigne stevne og dermed lite øving for dommarane.

Dei siste åtte åra er medlemstalet i friidrettsgruppa halvert. Medlemstalet gjekk ned frå 133 i 2019 til 115 i 2020. Nedgangen er spesielt stor i yngre årsklassar. Friidrett er i skotet i media med gode resultat og stort fokus på norske utøvarar. Tilhøva ligg til rette for å få fleire med.

Etter rehabiliteringa av Osterøy Stadion i 2020 vart Rema 1000 Osterøytrearen arrangert i september med totalt over 100 deltakarar. Slike og andre eigne arrangement er viktige for å trekkja til seg nye aktive.

Styret i Osterøy IL, friidrettsgruppa vil takka aktive, trenarar, funksjonærar, sponsorar og alle andre som har stilt opp for gruppa for den gode innsatsen i 2020.

Statistikk og tal:

Eigne idrettsarrangement 01.11.2019 til 31.12.2020

Sum deltaking i parentes

Arrangement	Stad	2021 planlagt	2020	2019	2018
Vinterkarusell	Brakvatnet	5	5 (77)	4 (55)	4 (18)
Sumarkarusell (ny)	Brakvatnet	4	4 (133)		
Halvmaraton Rema 1000	Brakvatnet	1	1 (24)	1 (43)	1 (21)
Halvmaraton stafett lag	Brakvatnet	1	1 (25)	1 (15)	1 (10)
Barneløp Brakvatnet	Brakvatnet	1	1 (20)	1 (17)	1 (12)
Valestrandsmarka Arkoconsult (ordinær)	Furubakken	9	4 (117)	9 (339)	11 (324)
Valestrandsmarka Arkoconsult (korona)	Furubakken		5 (63)		
Valestrandsmarka Arkoconsult jul og nyttår	Furubakken	2	2 (65)	2 (54)	2 (27)
Seriestevne	Haus idr. plass	2	1 (64)	2 (50)	2 (83)
Haustrimmen (ordinær)	Haus idr. plass	6	3 (20)	6 (59)	9 (64)
Haustrimmen (korona)	Haus idr. plass		3 (13)		
Hopp u.t.	Haus skule	1	1 (24)	1 (20)	1 (42)
Stemmeseggi Opp	Mjeldalen	0	0	1 (50)	1 (37)
Tinestafetten	Osterøy St.	1	0	1 (41)	
HTB-Karusellen	Osterøy St.	5	1 (42)	4 (261)	4 (231)
HTB-Kaststevne	Osterøy St.	3	1 (13)		1 (7)
Rekrutt	Osterøy St.				1 (18)
Spydstevne	Osterøy St.				1 (8)
Ungdomsleikar (2 dagar)	Osterøy St.				1 (708)
Osterøytrear Rema 1000 (3000m, barneløp, øving)	Osterøy St.	2	1 (96+8+7)	2 (171+4+0)	0
Hopp u.t.	Osterøyhallen	1	1 (32)	2 (36)	3 160
Hopp u.t.	Valestrand skule	0	0	1 (31)	1 (31)
Bjarte Viks Eliteløp	Vik - Bruvik	0	0	1 (64)	1 (60)
Testløp		0	0	0	0
Terrengløp		0	0	0	0

Deltaking i poenggjevande øvingar i hopp u.t. og banestevne inne og ute:

Deltakarar med medlemskap og lisens

	Lisens	1 eller fleire øvingar	5 eller fleire øvingar	10 eller fleire øvingar	1000p og meir ulike øvingar
2020	32	39	10	1	2

Deltaking i poenggjevande øvingar i hopp u.t. og banestevne inne og ute:

Deltakarar med og utan lisens og medlemskap

	Lisensar	1 eller fleire øvingar	5 eller fleire øvingar	10 eller fleire øvingar	1000p og meir ulike øvingar
2020	32	93	16	1	2
2019	33	95	18	3	4
2018	32	120	41	6	10
2017	30	113	42		
2016	37	142	57		
2015	43				
2014	49				

	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014
Lisensar	32	33	32	30	37	43	49

Lagsrekordar i 2020

14,18,45	Magnus	Gjerstad	2000	5000m	Oslo/Bislett	200629	871
29,35,27	Magnus	Gjerstad	2000	10000m	Kristiansand	200807	895
8,08,49	Magnus	Gjerstad	2000	3000m	Trondheim	200902	914
8,13,83	Magnus	Gjerstad	2000	3000m	Fana st	200729	888
14,10,07	Magnus	Gjerstad	2000	5000m	Kristiansand	200816	893
1,51,59	Trygve Feidje	Mjelde	1994	800m	Bislett	200903	875
1,52,25	Trygve Feidje	Mjelde	1994	800m	Bislett	200708	859
5,55,08*	Mirjam	Mjelde	1969	1 eng mile	Arna idr. park	200812	

*ingen resultat tidlegare. **I tillegg er det sett fleire alders besteresultat.**

Oppnådd 1000 poeng

6,62	Magnus	Reigstad	2003	lengde-in	Leikvanghallen	200214	1004
22,51	Magnus	Reigstad	2003	200m-in	Bærum	200308	1041

Mest poeng i serien 2020 på 1. laga

MS 3528 poeng Magnus Gjerstad 4 resultat

KS 1422 poeng Mirjam Mjelde 3 resultat

MV 4376 poeng Øyvind Bjordal 5 resultat

KV 2183 poeng Mirjam Mjelde 3 resultat

Gutar 4813 poeng Magnus Reigstad 6 resultat

Jenter 4407 poeng Celina Aabakke 6 resultat

OF 2019 (statistisk opplysning) 5 beste resultat

MS 3094 poeng Magnus Reigstad, KS 2948 poeng Marianne F Mjelde

MV 4090 poeng Øyvind Bjordal, KV ingen

Gutar 4909 poeng Magnus Reigstad, Jenter 4160 poeng Marie Mostrøm

OF 2020 (statistisk opplysning) 5 beste resultat

MS 3099 poeng Øyvind Bjordal, KS ingen

MV 4376 poeng Øyvind Bjordal, KV ingen

Gutar 4769 poeng Magnus Reigstad, Jenter 3927 poeng Celina Arbakke

Medaljefangsten (meisterskap) 2020:

bronse	5,01,19	Bjarte	Vik	1969	1500m-in	Leikvanghallen	200229	MV50-54	NM vet-inne
sølv	4,33,49	Dagfinn	Gjerstad	2006	1500m	Haugesund	200906	G14	Reg u leker
gull	9,62	Helga	Reigstad	1972	ku4-in	Leikvanghallen	200301	KV45-49	NM vet-inne
gull	3,04,72	John	Bernes	1944	800m-in	Leikvanghallen	200301	MV75-79	NM vet-inne
gull	36,93	John	Bernes	1944	200m	Kuventre	201003	mv75-79	KM veteran
gull	3,58	John	Bernes	1944	Lengde	Kuventre	201003	mv75-79	KM veteran
gull	19,43	John	Bernes	1944	sp500	Kuventre	201004	mv75-79	KM veteran
gull	18,11	John	Bernes	1944	100m	Kuventre	201004	mv75-79	KM veteran
gull	8,13	John	Bernes	1944	trestep	Kuventre	201004	mv75-79	KM veteran
gull	14,10,07	Magnus	Gjerstad	2000	5000m	Kristiansand	200816	U23	NM junior
sølv	6,56	Magnus	Reigstad	2003	1e-in	Bærum	200307	G17	UM inne
gull	22,51	Magnus	Reigstad	2003	200m-in	Bærum	200308	G17	UM inne
gull	2,45,xx	Mirjam	Mjelde	1969	800m-in	Leikvanghallen	200301	KV50-54	NM vet-inne
gull	31,45	Per Ole	Mostrøm	1985	200m-in	Leikvanghallen	200229	MV35-39	NM vet-inne
bronse	5,21,62	Per Ole	Mostrøm	1985	1500m-in	Leikvanghallen	200229	MV35-39	NM vet-inne
sølv	2,36,84	Per Ole	Mostrøm	1985	800m-in	Leikvanghallen	200301	MV35-39	NM vet-inne
gull	9,69	Per Ole	Mostrøm	1985	60m-in	Leikvanghallen	200301	MV35-39	NM vet-inne
gull	1,48	Randi	Kleppe	1949	lut	Leikvanghallen	200229	KV70-74	NM vet-inne
gull	44,97	Randi	Kleppe	1949	200m-in	Leikvanghallen	200229	KV70-74	NM vet-inne
gull	12,03	Randi	Kleppe	1949	60m-in	Leikvanghallen	200301	KV70-74	NM vet-inne
sølv	5,58	Randi	Kleppe	1949	ku3-in	Leikvanghallen	200301	KV70-74	NM vet-inne
bronse	10,07,35	Sigbjørn	Reigstad	1978	3000m-in	Leikvanghallen	200301	MV40-44	NM vet-inne
bronse	2,31,96	Tore	Hannisdal	1978	800m-in	Leikvanghallen	200301	MV50-54	NM vet-inne

Jenter kretsserien

	2020	2019	2018	2017	2016
Elite 50 res					
1.div. 40 res		32 23686p nr 10 ned	38 30093p nr 5	40 30999p nr 5	38 31145 nr 4
2.div. 30 res	10 6779p nr 9 ned				28 16991 nr 9 ned
3.div. 25 res		12 4500p nr 9 ned	25 14170p nr 5	25 14713 nr 4	20 10998 nr 7
3.div. 25 res				20 8351 nr 10 ned	
4.div. 20 res	Ingen res ned	Ingen res ned	10 4776 nr 7	6 3536 nr 6	12 4993 nr 6
4.div. 20 res		Ingen res ned	6 3999 nr 8	6 2875 nr 7	6 4028 nr 7
4.div. 20 res			6 3909 nr 9 ned		
5.div. 15 res	Ingen res	Ingen res	4 2469 nr 10		4 2564 nr 18
5.div. 15 res			4 2404 nr 11		4 2480 nr 19
5.div. 15 res			4 2286 nr 15		4 2408 nr 20
5.div. 15 res			4 2092 nr 17		

Gutar kretsserien

	2020	2019	2018	2017	2016
Elite 60 res			59 47910 nr 8 ned		
1.div. 50 res		46/50 35251 nr 10 ned		50 41998 nr 2 opp	46 39507 nr 5
2.div. 40 res	32 21889p nr 7	30/40 14491 nr 10	37 22466 nr 7	39 26339 nr 4	37 25224 nr 5
2.div. 40 res			33 17819 nr 9 ned		37 22079 nr 10 ned
3.div. 30 res	Ingen res ned	12 5392 nr 8	22 11500 nr 8	30 18282 nr 2 opp	30 15088 nr 6
3.div. 30 res	Ingen res ned	2 426 nr 9 ned		30 15662 nr 5	
4.div. 25 res	Ingen res ned		13 6626 nr 9 ned	25 10796 nr 3	25 9586 nr 6
5.div. 20 res	Ingen res	Ingen res	6 4095 nr 14	19 7016 nr 6	20 5867 nr 15
5.div. 20 res			6 3969 nr 15	16 5525 nr 9	13 4651 nr 19
5.div. 20 res			6 3859 nr 17	13/ 4161 nr 14	10 4207 nr 20
5.div. 20 res			6 3736 nr 18	6 3581 nr 17	6 3754 nr 22
5.div. 20 res			6 3515 nr 21	6 3467 nr 18	6 3671 nr 23
5.div. 20 res			6 3425 nr 23		
5.div. 20 res			6 3234 nr 24		
5.div. 20 res			6 3037 nr 25		

Kvinner senior landsserien

	2020	2019	2018	2017	2016
3. div 20	12 5402p	20 11320 nr 13 av 121	18 10013 nr 28 av 131	19 10744 nr 22	17 9835 nr 29/140

3. div.20	Ingen res	10 2332	10 1872	9 2086	10 2750
-----------	-----------	---------	---------	--------	---------

Menn senior landsserien

	2020	2019	2018	2017	2016
2.div 25		25 15273 nr 11 ned	25 15847 nr 8 av 14	25 15601 nr 10	
3.div 20	20 13862p opp	19 6766 nr 99 av 153	17 7455 nr 71 av 134	17 6816 nr 91	20 14270 nr 1/147 opp
3.div 20	13 6872p	12 3278	13 4188	14 3463	19 8699 nr 55/147
3.div 20	4 1948	8 1493			17/ 5763 nr 133/147
3.div 20	4 1735				
3.div 20	3 939				

Kvinner veteran landsserien

	2020	2019	2018	2017	2016
1.div 15		10 3375 (3982) nr 8 ned	15 7132 nr 7 av 10		15 7118 nr 8/10 ned
2.div 10	9 5346p nr 1 opp			10 4948 nr 1 av 10 opp	
4.div 10	6 1570p nr 13				

Menn veteran landsserien

	2020	2019	2018	2017	2016
1.div 20	19 12104p nr 8	20 141114 nr 7	20 14166 nr 7 av 20	20 14091 nr 6 av 20	20 13636 nr 9/20
2.div 15	6 3634p nr. 17 ned	11 6096 (6827) nr 11	13 6880 nr 14 av 20	14 8487 nr 12 av 20	12 6767 nr 15/20
3.div 15					
4.div 10	3 1487p nr 101	4 1963 (2024) nr97	6 2837 nr 56 av 249	6/ 3072 nr 44 av 210	4 1692 nr 114/230
4.div 10	(nr. 127)	1531p nr 119		2 812 nr 158 av 210	
4.div 10	(nr. 193)	841p nr 168			
4.div 10		293p nr 240			

Årsmelding Turngruppa Osterøy IL 2020

Innhald:

Referat frå årsmøtet.

Årets styre

Trenarar

Samandrag frå styremøte

Planlagde aktivitetar

Oppsummering

Årsmøte.

Turngruppa gjennomførte årsmøte 21.april 2021 på teams. Referat ligg som vedlegg.

Styre

Konstituert styre for 2020

Leiar: Baste Neu Hatland

Nestleiar: Lovise Hopsdal

Skrivar : Anja Vedå

Kasserar: Lovise

Medlem: Maria S Veve

Medlem: Margrethe Fjellby

Trenarar

Gruppa er delt i 3 parti med alderstrinn 5-6 år, 7-9 år og 10+

Trenar for dei respektive partia:

5-6 år : Merethe Antun og Lovise

Hjelpetrenar: Vilde og Emma kvamme, Sanne Tjoflot.

7-9 år : Merethe og Lovise

Hjelpetrenarar: Isabell Lone, Mikael Olsnes og Malene Devik

10+ : Baste Hatland

Hjelpetrenarar: Helene Tønnesen.

Til sesongen 2020/21 var det lagt opp til ei ny samansetting og eit nytt trenarteam. Dette vert rapportert om i meldinga for 2021 då hausten var veldig treningsmessig kort.

Samandrag av styremøte.

Me har brukt styremøta på å planlegge dugnadsarbeid, og på oppfølging av dette. Det har også vore ein del møter for å tilpasse treningar til nye covid forskrifter.

Planlagde aktivitetar

Me hadde trenarsamling på hausten med kursing av nye trenarar.

Oppsummering

Eit coronaprega år gav turngruppa tid til å få opp styreaktivitet og dugnadsarbeid. Og me har fått på plass litt rutine i trenarteamet vårt. Det vert fokus på å halde oppe det gode arbeidet som vert lagt ned av trenarar og gymnastar, og å sikre økonomien framover.